
Saknr: 2020/42801-1
Saksbehandlar: Merete Farstad

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 26.03.2020 |

Planprogram til vassforvaltningsplanane for Rogaland vassregion og Vest - Viken vassregion

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slikt vedtak:

Følgjande dokument vert vedtekne i samband med ny vassforvaltningsplan for vassregionane Rogaland og Vest - Viken 2022 -2027:

1. Planprogram for vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion 2022 -2027
2. Planprogram for vassforvaltningsplan i Vest - Viken vassregion 2022 -2027

Samandrag

Det er utarbeidd regionale vassforvaltningsplanar for perioden 2016-2021 for alle vassregionar i Noreg. Desse skal no oppdaterast og gjelde for perioden 2022-2027. Målet med planen er å ha god samordna vassforvaltning og å oppnå god miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord.

Vassregionane følgjer nedbørsgrensene og ikkje dei administrative fylkesgrensene. Vestland har eit mindre areal i vassregionane Rogaland og Vest - Viken. Av den grunn er det lagt opp til vedtak av planprogrammet for desse vassregionane også i Vestland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Planprogram til vassforvaltningsplanen 2022 -2027 for Rogaland vassregion
- 2 Planprogram til vassforvaltningsplanen 2022 -2027 for Vest - Viken vassregion
- 3 Kart over vassregionar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjeldande regionale vassforvaltingsplanar og tiltaksprogram gjeld for perioden 2016-2021. Planane fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Målet med planen er å ha god samordna vassforvaltning og å oppnå god miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord.

Vassregionane i Noreg er no i gang med å oppdatere planane for perioden 2022 - 2027. Fram mot utgangen av 2021 skal dei regionale vassforvaltningsplanane oppdaterast og justerast for heile landet.

Planprogram for oppdatering av vassforvaltningsplanen for planperiode 2022 - 2027 for Rogaland vassregion og Vest - Viken vassregion ligg no føre.

Vassregionane følgjer nedbørsgrensene og ikkje dei administrative fylkesgrensene. Vestland fylke har eit lite areal i m.a. vassregionane Rogaland og Vest - Viken. Frå 1.1.2020 er det ny inndeling av vassregionane slik at dei svarer til dei nye fylka, men med grenser som følgjer nedbørsfeltet og ikkje dei administrative fylkesgrensene. Vest - Viken vassregion er frå 1.1.2020 delt i to, der den eine delen no høyrer til Innlandet og Viken vassregion og den andre til Vestfold og Telemark vassregion. Dette er nærmare omtalt i planprogrammet for Vest - Viken. Ny og gamal inndeling av vassregionar frå 1.1.2020 er vist i vedlegg 3.

Alle aktuelle fylkeskommunar i vassregionen fastsett planprogrammet for vassforvaltningsplanen som regional planstyresmakt i sitt fylke.

Plan- og bygningsloven krev at eit planprogram skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behov for utgreiingar.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde til å fatte vedtak om planprogram for regionale planar jf. delegasjonsreglementet pkt. 42 om Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27.06.2008 nr.71, § 4-1.

Fylkesutvalet er vassregionstyresmakt jf. delegeringsreglementet s. 66, punkt 27 *Forskrift for rammer for vannforvaltning*.

Grensene for vassregionane følgjer nedbørsgrensene (nedslagsfeltet) og ikkje dei administrative fylkes- og kommune grensene. Vestland har eit mindre areal i vassregionane Rogaland og Vest - Viken. Av den grunn er det lagt opp til vedtak av planprogrammet for desse vassregionane.

Vurderingar og verknader

Regional plan for vassforvaltning 2022 -2027

Formålet med planprogrammet er å klargjere kva som skal gjerast når og av kven. Planprogrammet og hovudutfordringsdokumenta for Rogaland og Vest - Viken låg ute på høyring 1. april til 30. juni 2019. Innkomne innspel er vurdert og teke omsyn til

Økonomi: Sektorstyresmaktar finansierer eigne tiltak ev. pålegg ein tiltakshavar å utbetre tilhøva. Fylkeskommunen er sektorstyresmakt innanfor nokre få tema som t.d. å fjerne vandringshindre for fisk forårsaka av fylkesveggar.

Klima: Planarbeidet har som mål å betre miljøtilstanden og påverkar ikkje klimaet direkte. Klimaendringar vert ein integrert del av planen.

Folkehelse: Den nye planen vil også omhandle registrering av beskytta område for badevatn og drikkevatt og ev. tiltak for å utbetre miljøtilstanden. Tiltak mot forureining av vatn og sjø vil og kunne påverka mattryggleik og folkehelsa til det betre

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Vassforvaltningsplanen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Målet med planen er å ha god samordna vassforvaltning og oppnå god miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord.

Fylkesrådmannen tilrår å vedta planprogrammet for utarbeiding av ein regional plan for vassforvaltning for Rogaland vassregion og for Vest - Viken vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram.